

Hallstyret er oppnemnt av Teknisk Etat. Retningslinjene skal og femna om utlån/utleige av ein del av romma i skulen; kantine, klasserom og den gamle gymnastikksalen. Retningslinjene skal og innehalda vilkår for overnatting og prisar for leige av rom.

Pkt.	Område	Ansvar	Avvik
1	Skulen sin førerrett til bruk:		
	1. Skulen/kulturskulen/sfo disponerer og har første prioritet til skule, symjebasseng, fleirbrukshall og uteområde/skuleplass i skulen si opningstid 07.30 – 16.30, og til sine arrangement utanom vanleg skuletid. 2. Varsel om skulen sine arrangement utanom skuletid skal til vanleg gjevast til faste brukargrupper minst to dagar før.	Vaktmeister.	Hallstyret.
2	Kven har rett til å søkja om fast bruk:		
	1. Søknad om fast bruk kan gjerast av alle lag og organisasjonar i heradet . Også privatpersonar kan søkja om «uorganisert» bruk, men vert prioritert lågast, jf pkt 4. 2. Idrett vert prioritert i den nye hallen. 3. All fast bruk utanom skuletid skal søkjast om til hallstyret ved skulestart. Det vert sett opp ein årsplan for bruken av hallen.	Søklar.	Hallstyret.
3	Korleis organisera tilfeldig bruk, arrangement i hallen/bassenget:		
	1. Tilfeldig bruk til arrangement vert å søkja til vaktmeister.	Vaktmeister.	Hallstyret.
4	«Uorganisert» idrett/kultur-aktivitet:		
	1. Med «uorganisert» meiner ein her aktivitet som ikkje fell inn under idrettslag eller andre formelle organisasjonar i heradet. Søklar må vera over 18 år. 2. Dei som ynskjer å nytta hallen i ledig halltid, avtalar med vaktmeister.	Vaktmeister.	Hallstyret.
5	Symjebassenget.		
	1. Det skal alltid vera minst 1 instruktør med godkjent livbergingskurs til stades i bassengrommet. I tillegg skal det vera minst 1 vaksen pr 15 born. 2. Leigetakar/brukar pliktar å ha godkjent vakt på plass, og å ha kontrollert godkjenninga. Liste over godkjente vakter skal sendast hallstyret før aktiviteten startar.	Ansvarleg brukar. Vaktmeister.	Hallstyret.
6	Fleirbrukshallen og bassenget.		
	1. Protokoll. Ved all aktivitet i hallen/bassenget, skal protokollen i vestibyle signerast av ansvarleg brukar. 2. Skader skal straks meldast til vaktmeister på sms..	Ansvarleg brukar.	Vaktmeister.
7	Vestibyle, tribune, garderobe/dusjrom.		
	1. Den som er registrert som brukar av hallen/bassenget er ansvarleg også for all aktivitet i vestibyle, tribune, garderobar/dusjrom/toalett i dette tidsrommet. 2. Alle desse romma skal ryddast og kontrollerast før ein forlet hallen.	Ansvarleg brukar.	Vaktmeister.

8	Lagerrom i hallen.		
	<p>1. Alle lagerrom skal vera rydda, ting skal stå på rett plass når ein forlet hallen eller bassenget.</p> <p>2. Alt utstyr som er lagra, er til felles bruk. Spesialutstyr ein ikkje vil at andre skal bruka, må ein ta med seg til og frå hallen.</p> <p>3. I lagerromma vil det vera oppslag om kva som skal stå kor.</p>	Ansvarleg brukar.	Vaktmeister.
9	Kantine/skulekjøkken.		
	<p>1. Vaktmeister varslar skulen sin kantineansvarleg, som informerer leigetakar om korleis kantina skal brukast, reingjerast og leverast attende.</p>	Ansvarleg brukar. Kantine-ansvarleg.	Vaktmeister.
10	Andre rom i skulen.		
	<p>1. Klasserom og gymsal kan leigast/lånast etter avtale med vaktmeister.</p>	Vaktmeister.	Hallstyret.
11	Overnatting.		
	<p>1. Ved overnatting skal ein fylgja særskilde reglar for tryggleik og brannsikring.</p> <p>2. Avtale om overnatting vert gjort med vaktmeister, etter gjennomgang av tryggings- og branninstruks, varslingsplan og prosedyre for nattevakt og krav til oppdaterte lister over kven som til ei kvar tid er i bygget.</p>	Vaktmeister. Ansvarleg brukar.	Hallstyret.
12	Generelle reglar for bruk av basseng, garderobar, rom i skule/fleirbrukshall. Sjekkliste for ansvarleg brukar:		
	<p>1. Lag som får bruka rom skal ha ein vaksen, ansvarleg på staden. Minstealder for den som har ansvar for aktiviteten er 18 år. Ansvarleg kjem først og går sist.</p> <p>2. Tilgangen til bygget er med låsebrikke. Somme rom har tilgang med vanleg nøkkel. Ytterdører skal til vanleg vera låste, tilgang med trenarkode er ok.</p> <p>3. Ansvarleg brukar avgjer kven som får tilgang til bygget.</p> <p>4. Vidarelån av nøkkel/brikke er ikkje lov.</p> <p>5. Brukstidene/treningstidene skal haldast.</p> <p>6. Mopp golvet etter avtale med vaktmeister.</p> <p>7. Dører og glas skal lukkast og låsast når du går. Sløkk ljuset.</p> <p>8. Avvik/skade du såg ved oppstart av din aktivitet, skal varslast på sms til vaktmeister. Skade som har oppstått i din aktivitet, skal varslast på sms til vaktmeister. (Og noterast i protokollen.)</p> <p>9. Rusmiddel, nikotinhaldige middel og liknande er forbode innafør skulen/hallen sitt område, både innandørs og utandørs. Kommunalt område er røykfritt.</p> <p>10. Brot på reglane fører til at avtalen kan seiast opp i kortare eller lengre tid.</p>	Ansvarleg brukar.	Vaktmeister.
13	Særlege reglar for idrettshallen.		
	<p>1. Stativ/utstyr til volleyball, badminton, basketball, handball og tennis skal monterast forsvarleg for å unngå skade på folk og utstyr.</p> <p>2. Ballspel skal berre skje inne i hallen eller utandørs. Unntak er bordtennis.</p> <p>3. Skade på utstyr, inventar eller bygg skal vanlegvis erstattast av laget (dei) som nyttar hallen og utstyret.</p> <p>4. Sko skal ikkje setja merke.</p>	Ansvarleg brukar.	Vaktmeister

	GEBYR/LEIGEPRISSAR SKULE/FLEIRBRUKSHALL:		
14	Prisane vert vedtekne/justerte som del av gebyr-reglementet til heradet i samband med årsbudsjettet.	Teknisk etat.	
	1. Gratis: 1. Alle lokalt organiserte opplærings-, kultur- og idrettsaktivitetar er gratis for arrangørane. 2. Uorganisert aktivitet, som er leia av ein ansvarleg som er heimehøyrande i heradet, er gratis. 3. Private som vi trenar på ledig tid i hallen, kan gjera det gratis, men må søkja om å få tildelt løyve i form av brikke/nøkkel.	Vaktmeister har oversyn over kven som låner gratis.	
	2. Betaling for bruk av skulen/hallen: Andre/private som ynskjer å nytta rom til kurs, møte, lukka private små arrangement som bursdagar, m.v. betaler leige: (Større arrangement, messer, konsertar, utstillingar m.v. må ha eigen avtale.) Klasserom, kantine, pr. rom, inkl. vask: 1. Kr 250 pr klasserom pr kveld, grunnpris. 2. Kr 500 pr dag for leige av hallen, grunnpris. 3. Kr 50 pr person pr dag som nyttar hallen/garderobane. (Maxpris for hallen pr. dag er kr 1500, inkl. grunnprisen). 4. Kr 50 pr person u/18 år kr 100 pr vaksen 18 år og over, pr natt ved overnatting på skulen, i tillegg til grunnprisen pr rom.	Vaktmeister sender fakturagrunnlag til øk.avd.	
	3. Betaling for bruk av symjehallen. Ved organisert aktivitet som folkebadning er prisane fastsett slik: Billetter vaksne (19 år og over) kr 60 pr time. Billetter born i skulepliktig alder (6-18år) kr 40 pr time. Når private ynskjer å nytta symjehallen utanom dei faste tidene for folkebadning eller symjetrening er prisen slik: Kr 60 pr time pr person, uansett alder, i bassenget. Max 2 timar leigetid pr gruppe.	Vaktmeister sender fakturagrunnlag til øk.avd.	
	4. Betaling for bruk av utstyr ved utleige til arrangement: Bruk av utstyr, berre etter opplæring og avtale: 1. Bruk av det faste lys/lyd-utstyret i hallen ved vanleg organisert aktivitet, jfr pkt 1 og 2 er gratis. 2. Bruk av heradet sitt mobile lyd/lydutstyr, etter avtale med skulen sin lyd-/lysansvarlege; kr 250,- pr dag/kveld for lyd, og kr 250,- pr dag/kveld for lys. 3. Bruk av anna utstyr, berre etter avtale. 4. Skade på utstyr må erstattast av ansvarleg brukar.	Vaktmeister sender fakturagrunnlag til øk.avd.	
	5. Brikker og nøklar for tilgang: 1. Depositum pr brikke er kr 100,-, og for kvar nøkkel kr 100,-. (Tap av brikke eller nøkkel kostar kr 100 i tillegg til tapt depositum.) 2. Kvart lag leverer oppdatert liste over brukarane sine til vaktmeister, og bestiller brikker og nøklar hjå vaktmeister. Laget betaler depositum samla. 3. Private som treng brikke/nøkkel må kontakta vaktmeister og betala depositum før utlevering. Alle personlege brikker og nøklar skal leverast inn før sommarferien. 4. For korttidsbruk (eit møte, ein kurskveld) vert det ikkje kravd depositum, men bortkomen brikke/nøkkel må betalast med kr 200 pr stk.	Vaktmeister sender fakturagrunnlag til øk.avd.	

Prisliste pr 1/2-2018:

Depositum	Pris pr eining	Antal	Sum
Brikke	Kr 100 pr brikke		
Nøkkel	Kr 100 pr nøkkel		
Tapt brikke	Kr 100 i tillegg til tapt depositum		
Tapt nøkkel	Kr 100 i tillegg til tapt depositum		
Større arrangement	Må forhandla eigen avtale		
Leige	Pris pr eining	Antal	Sum
Klasserom, grunnpris	Kr 250,- pr kveld/dag		
Fleirbrukshall, grunnpris	Kr 500,- pr dag		
Fleirbrukshall, bruksavgift utleige	Kr 50,- pr person pr dag (Max kr 1500 pr dag, inkl grunnprisen)		
Symjebasseng, bruk	Kr 60 pr person pr time		
Overnatting	Kr 250 pr rom pr natt		
Overnatting pr natt	Kr 50 pr person u/18 år		
Overnatting pr natt	Kr 100 pr person o/18 år		
Mobilt lydutstyr	Kr 250 pr dag		
Mobilt lysutstyr	Kr 250 pr dag		
Erstatning for skade	Etter individuell vurdering		

Tilrådd i hallstyret, 13.nov 2017 – med verknad frå 1.feb 2018

Thor Erling Larsen, leiar